

Vurdering av realkompetanse for voksne

Voksne som ikkje har vidaregåande opplæring, kan få sin kompetanse kartlagt, vurdert, verdsett og dokumentert.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 27.09.2021

Realkompetansen til den voksne kan vere tileigna gjennom formell, uformell og ikkje-formell læring. Dersom den voksne sin realkompetanse er likeverdig med den kompetansen ein oppnår gjennom vidaregåande opplæring, skal han godkjennast.

Resultatet av realkompetansevurderinga skal førast på eit kompetansebevis. Godkjend realkompetanse kan gi den voksne dokumentasjon på godkjend kompetanse i fag og han kan nyttast til å avkorte og tilpasse det opplæringstilbodet som trengs for å oppnå yrkeskompetanse.

Voksne som har rett til vidaregåande opplæring og voksne som blir tilvist frå Nav eller kommunen har krav på å bli realkompetansevurdert og få utferda eit kompetansebevis.

Utdanningsdirektoratet har utarbeida nasjonale [retningslinjer for realkompetansevurdering av voksne i vidaregåande opplæring](#).

[Fagopplæringskontora i fylka](#) hjelper bedrifter og elevar med spørsmål om opplæring i bedrift.